



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 29.5.2009

Stad: Geilo, Bardøla Høyfjellshotell

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune (sak 24 og 25)
Geir Olav Brøto,	Nes kommune (sak 26 – sak 28)
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Laila Tryde og regionkontakt Terje Moen

SAK 24/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.3.2009 OG 28.4.2009

Vedtak

Møteprotokoll 27.3.2009 og 28.4.2009 vart vedteke.

SAK 25/09 FELLES MØTE MED STYRE KS BUSKERUD

Oddvar Grøthe som leiar i KS Buskerud hadde ei kort innleiing om føremålet med møte og orientering om prioriterte arbeidsområde for KS.

Knut Arne Gurigard orienterte om nokre av utfordringane for Hallingdal.

I drøftingane vart det peika på at rekruttering av arbeidskraft var eit område der Regionrådet for Hallingdal og KS bør kunne finne fram til eit nærmare samarbeid.

KS med innleiing v/Yngve Carlsson, tok opp spørsmålet om kva utfordringar Regionrådet meiner at kommunane står overfor, i forhold til tryggleik i lokalsamfunnet og behovet for ein tryggleiksreform.

Ut frå drøftingane var det ingen politikarar, verken i KS-styret eller Regionrådet, som tok til orde for å gjera endringar i ansvars- og oppgåvefordelinga mellom kommunane og politiet. Det vart uttrykt ynskje om å vidareutvikle samarbeidet mellom kommune og politiet langs dagens samarbeidsstrukturar – Politiråd og SLT. Vidare kom det fram ynskje om at KS kan vera med å setja ekstra trykk i arbeidet med å vidareutvikle/betra arbeidsmetodar og samarbeid. I tillegg bør KS kunne vera med å påverke slik at politiet har tilstrekkeleg kapasitet til å vera tilstades og tilgjengeleg i lokalsamfunna.

Eige notat (referat) frå denne delen av møte vil bli ettersendt.

SAK 26/09 HALLINGDAL KARRIERESENTER

Buskerud fylkeskommune hadde eit ynskje om ei drøfting av kommunane i Hallingdal sitt framtidige engasjement i Hallingdal Karrieresenter.

Frå Buskerud fylkeskommune deltok:

- Fylkesutdanningssjef: Jan Helge Atterås
- Rådgjevar Sigurd Fjøse
- Leiar Hallingdal Karrieresenter Ingrid Marie Kolsrud

Frå NAV Buskerud deltok:

- NAV-direktør Ola Heen Strømmen
- NAV-leiar Hallingdal Bjørn Skjelseth

Jan Helge Atterås innleia om status, målsettingar for karrieresenteret og kva mogelegheiter karrieresenteret er tenkt å gje for regionen, kommunane og næringslivet.

Ingrid Marie Kolsrud orienterte kort om karrieresenteret sitt arbeid og erfaringar så langt.

Ola Heen Strømmen orienterte om NAV sin rolle i forhold til karrieresenteret.

Oddvar Grøthe orienterte om Regionrådet og kommunane sine vedtak i forhold til karrieresenteret.

Det var ei drøfting i forhold til kva funksjonar eit karrieresenter i Hallingdal bør ha i framtida. Det vart ikkje trekt konklusjonar, men det var semje om at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere rammer og mogelegheiter for vidare samarbeid om karrieresenteret, på bakgrunn av drøftingane. Arbeidsgruppa skal ha med representant frå Buskerud fylkeskommune, NAV, rådmannsutvalet i Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal. Buskerud fylkeskommune fekk ansvaret for å drive prosessen vidare med målsetting at grunnlag for vidare handsaming skal vera klart til 18.august slik at Regionrådet kan handsame saka i augustmøte. Arbeidsgruppa skal vera på plass innan 10.juni.

Vedtak

Som medlem i arbeidsgruppe som skal vurdere rammer og mogelegheiter for vidare samarbeid om karrieresenteret i Hallingdal, vart dagleg leiar Knut Arne Gurigard valt som representant frå Regionrådet for Hallingdal.

SAK 27/09 FORSLAG TIL ORGANISERING AV NÆRINGSSAMARBEIDET I HALLINGDAL, FØREBELS UTKAST

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal støtta i prinsippet forslag til organisering av næringssamarbeidet i Hallingdal, og vil ta endeleg stilling til saka, med bakgrunn i sak som blir lagt fram i junimøte.

SAK 28/09 HALLINGLAGET I AMERIKA, BESØK I HALLINGDAL SOMMAREN 2009

Asle Uhlen og Kaare Wensaas orienterte om planlagt amerikabesøk i Hallingdal.

Reisefølgje vil vera i Hallingdal i tidsrommet 31.7 – 8.8.2009. Det er planlagt besøk i alle kommunane, med eigne program.

Ål 9.6.2009

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

